

JÆRMUSEET



Årsmelding for arbeidsåret 1985

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 1985

I heftet «*Bygdemusea på Jæren, planar for eit sameint kulturvern*» utgitt av Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren, er det gjort greie for det arbeidet som har ført fram til stiftinga av Jærmuseet. I dette heftet er og med framlegg til vedtekter for museet. Desse vedtektena er seinare godkjende av alle dei medverkande kommunane og av Rogaland fylke. Etter framlegg frå Rogaland fylke er vedtektena endra slik at fylke får to representantar i rådet. §3, 2. led – pkt. 3 lyder nå:

3. Rogaland fylkeskommune vel 2 representantar m/varamedlemmer. Fylkeskultursjefen har møte-, tale- og forslagsrett.

Sjå pkt. IX i møteboka for rådsmøtet 21. januar 1985. I denne møteboka er det og synt til dei vedtaka i fylke og kommunar som legg grunnen for skiping av Jærmuseet.

KONSTITUERANDE MØTE

1985 er det første driftsåret for Jærmuseet. Konstituerande møte vart halde på Bryne Rådhus den 21. januar. Møtet var innkalla og førebudd av Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren og sekretæren for utvalet, Egil Larsen, vart vald til møteleiar. Innkallinga bygde på tidlegare vedtak i kvar av dei medverkande kommunane og fylket, der det var valt styre- og rådsmedlemmer.

Rådet er slik samansett:
Hå 4 rep., Gjesdal 3, Klepp 4, Randaberg 3,
Sandnes 5, Sola 4 og Time 4 rep.
Rogaland fylke har 1 rep. Rådet vedtok å tilrå dette
endra slik at fylket får 2 rep. i Rådet.
Fylkeskultursjefen har møte-, tale-, og forslagsrett.

Til det konstituerande møte 25 rådsmedlemmer. Dessutan møtte fylkeskultursjef Roald Håland og fylkeskonservator Jon Bergsåker. Kvar kommune har nemt opp ein styrerrepresentant. Etter val på konstitueringsmøtet er styret slik samansett:

Nils Njå, Time – formann
Tobias Skretting, Hå – varaformann
Severin B. Bollestad, Gjesdal

Terje Rott, Sola

Stein Sægrov, Sandnes
Johan Vestvik, Randaberg

Bernt Øvregård, Klepp
Marit Liland Edland, Rog. fylke

Haldis Hognestad, Time, vart vald til ordførar i Rådet. Etter søknad har Stein Sægrov vorte løyst frå styrevervet, og Sandnes har valt Torbjørg Sægrov som ny styremedlem frå 1. juli.


RÅDSMØTE 20. MAI I KLEPP IDRETTSHALL

H andsama arbeidsplan og budsjett for 1985, budsjett for 1986 (retningsliner) og kontingent for 1986.

Følgjande satsar vart vedtatt:


Medlemskommunane pr. innbyggjar
Verksemder, under 10 tilsette
frå 10 – 15 tilsette
over 50 tilsette
Organisasjonar, ideelle og faglege
Einskildpersonar

kr 3,-
kr 200,-
kr 400,-
kr 600,-
kr 100,-
kr 50,-



FAGLEGE INNSLAG

Å Rådsmøtet den 21. januar hadde Stein Sægrov ei utgreiing om det landbruks-historiske arbeidet som Samarbeidsutvalet og Høyland bygdemuseum har drive. På Rådsmøtet 20. mai hadde fylkeskonservator Jon Bergsåker eit kåseri der han tok for seg reidskapsbruken og reidskapsutviklinga i jordbruket på Jæren og i Rogaland.



STYRET SITT ARBEID

Kultursjefen i Klepp, Leif Fr. Knutzen, har fungert som sekretær for Styret. Styret har hatt 7 møte i 1985 og handsama 48 saker. Av desse vil ein her nemna:

Personalsaker

Det tidlegare Samarbeidsutvalet hadde engasjert ein handverkar. Denne vart overtatt av Jærmuseet frå 1.1.85. Vidare har det vore arbeidd med å få tilsett konservator/styrar. Etter vedtak i Rådet har ein hatt som målsetting å få denne stillinga utlyst og i funksjon. Og ein har hatt tankar om også å få oppretta ei stilling som konservator i tillegg til dette. Desse stillingane vert det arbeidd vidare med i 1986. Ein tek sikte på å få tilsett styrar innan 1.6.86.

Samlingar og utstillingar

Etter å ha fått overta dei landbrukshistoriske samlingane til Høyland bygdemuseum har Jærmuseet eit rikt grunnlag å byggja på i det vidare innsamlingsarbeidet. Ein del av dette materialet står utstilt i Høyland bygdemuseum sine lokal på Austrått i Sandnes. Ein har ein avtale med H.b. om eit samarbeid slik at dette kan halda fram til Jærmuseet sjølv kan ta seg av samlingane på ein tilfredsstillande måte.

Gjennom åra har dei lokale bygdemusea samla inn og tatt vare på store mengder reidskap og landbruksmaskinar som har gått ut av bruk og

såleis stod i fare for å koma heilt bort. I det siste har også Samarbeidsutvalet og nå også Jærmuseet vore med i dette innsamlingsarbeidet. Dette arbeidet har vore nødvendig og svært verdfullt. Men det må berre vedgåst at ein slett ikkje har makta å følgja opp innsamlingsarbeidet med registrering, istandsetting, preservering og magasinering.

Noko har ein makta, men det aller meste står stua bort i midlertidige lager. Og mykje av det er svært därleg sikra. Jærmuseet har leigt ein tom driftsbygning på Hognestad til lager for innsamla gjenstandar. Men det er berre å seia at det er mest uråd å koma skikkeleg i gang med eit fagleg forsvarleg arbeid på samlingane så lenge ein ikkje har personale og eigna lokal.

Den tilsette handverkaren har gjennom åra sett i stand eit utval gjenstandar. Ein hovudide bak dette arbeidet har vore å få i stand eit utstillingsmateriale som kunne brukast til marknadsføring og blestiltak i oppbygginga av Jærmuseet.

I samsvar med denne målsettinga deltok museet med ei utstilling i feiringa av 125-års jubileet for Sandnes. Her hadde ein med ei samling Raugstad-plogar, ein Lauson treskemotor 1910-mod., ein Mc Cormick 1020 – 1935, ein Moline Universal D 1919 mod. Denne samlinga er nå stilt ut på Austrått. Ein var med på Jærdagen med Mc Cormick-traktoren. Den same traktoren vart også utstilt på Klepp idrettshall i samband med rådsmøtet den 20. mai.

Ein Case traktor, 1939 mod. er også sett i stand. Den står nå utstilt på Åse Maskin, Ganddal.

Om det arbeidet museumshandverkaren har utført i meldingsåret og om dei istandsette traktorane.


Arbeidet åt museumshandverkaren Sverre Skjæveland var i 1985 i det alt vesentlege konsentrert om istandsetjinga av tri traktorar, den eine frå 1919 og dei to andre frå 1930-åra. Kvart av desse prosjekta var uvanleg arbeidskrevjande, m.a. av di utgangspunktet i to av tilfellene var sterkt forkomne traktorvrek som svært få ville sett på som mogelege restaureringsobjekt. Dei hadde båe stått ute i mange år etter at dei kom ut av bruk.

Den sjeldnaste, og mest særmerkte, av desse traktorane er Moline Universal Tractor, modell D, laga i byen Moline i staten Illinois, USA, i 1919. Han skiljer seg klårt ifrå ein vanleg traktor ved å ha dei store drivhjula framme, og ved å ha ratt og sete over arbeidsreiskapen bak. Han har ein led på midten, der det og er montert ein tannkrans som styresnekka flyttar seg langsmed. Det eksemplaret museet har, er påmontert ein to-skjers plog, men det var i si tid råd å få kjøpt ei rad andre spesialreiskaper til Moline-traktoren, slik som skålhorv, slåmaskin og sjølvbindar.

Røtene til denne traktorkonstruksjonen er å finna i Universal Tractor Manufacturing Company, Columbus, Ohio, som laga noko liknande alt i 1914. Firmaet vart kjøpt opp av Moline Plow Co. året etter. I 1916 og 1917 vart det produsert ei to-sylinder utgåve av Moline-traktoren, og ei handfull

av desse kom til Noreg. Kommunegarden i Stavanger åtte den eine. Frå 1918 vart den fire-sylinder modell D produsert (fram til 1923), om lag 70 eksemplar vart importerte til Noreg av firmaet Eik & Hausken, som marknadsførte traktoren under namnet «Jernhesten». Det kom fleire slike til Jæren i 1918 og 1919, m.a. to til Bore i Klepp og ein til Sande i Sola. Motoren var den same som i luksusbilen «Stephens», og følgjeleg uvanleg avansert med sjølvstartar, dynamo og coil, og elektrisk kontroll av motorturttalet.

I løpet av 1984/85 vart Jærmuseets Molinetraktor skrudd heilt ifrå kvarandre og alt rust fjerna. Særleg komplisert var arbeidet med motoren som vanta mange delar. Desse vart lånte ifrå Folkenborg Museum på Mysen i østfold, som har ein lik traktor, og kopierte anten av museumshandverkaren eller – for dei støypte delane sitt vedkomande – av Serigstad A/S. Dersom museet skulle ha betalt for dei tenestene som Serigstad A/S ytte gratis i samband med dette restaureringsprosjektet, så ville det vore tale om ei rekning på fleire ti-tusen. Sveisning av motorblokk, montering av nye sylinderforingar, maskinering av stempel, oppbygging av veiv- og rammelager m.m. vart



utført av Geno Motor- og Maskinverksted A/S på Sandnes. Reingjering og sandblåsing fekk Sverre Skjæveland som vanleg høve til å gjera hjå Kverneland A/S utan kostnader for museet. Denne hansrekninga er på mange måtar avgjerande for at handverkarordninga skal fungera, når museet ikkje har eigen verkstad.

Frå ein svensk traktorsamlar utanfor Uppsala fekk museet kjøpt ei original amerikansk instruksjonsbok til Moline-traktoren prenta i 1919. Dessutan fekk ein teke kopi av ei svensk instruksjonsbok frå 1920 med fargelagde illustrasjonar. Dette gav viktig dokumentasjon for korleis tenningsystemet skulle koplast, fargesetjinga m.m.

Tidleg i juni 1985 – etter at museumshandverkaren hadde lagt ned 1.660 arbeidstimar – kunne Moline-traktoren prøvekjøyst. Laurdag 8. juni vart han presentert for H M Kong Olav i byjubileumsutstillinga på Sandnes. Sundag 9. juni køyrd «Jernhesten» fleire kilometer gjennom gatene på Sandnes. Diverre var det nok berre eit fåtal mellom tilskodarane som skjøna kva for eit særsyn dei var vitne til.

Den neste traktoren, ein Case modell D frå 1939, var eit langt meir takknemleg vølingsobjekt. Både teknisk og karroserimessig var denne i svært god stand. Like fullt laut ventilane, tenningsystemet og radiatoren reparerast og alt anna gjeraast heilt reint

for rust. Dvs. at denne traktoren og laut underleggjast ei omfattande demontering. Case-traktoren vart produsert av J. I. Case Threshing Machine Company, Racine, Wisconsin, USA. Firmaet har røter attende til 1842. Det vert framleis laga Case-traktorar. Museumstraktoren har den siste tida stått utstilt hjå den lokale forhandlaren, og kontrasten mellom denne og dei moderne ved sida av, er forvitneleg og overveldande.


I september/oktober gjekk museumshandverkaren laus på ein Deering W-14 frå siste helvt av 1930-talet. Traktoren, som Jærmuseet har fått på Tau i Strand, hadde stått ute i lang tid og var følgjeleg sterkt forkomen. Ved eit slumpetreff kom museet i kontakt med ein garbrukar i Gausdal som kunne avsjå delar til denne traktortypen. Derved var dei fleste problema løyste, og traktoren vil vera ferdig restaurert i slutten av februar 1986.

Landbruksreiskapar med firmanamnet Deering kjenner dei fleste – slåmaskinar, rakeriver, sjølvbindarar m.m. W. Deering grunnla verksemda si i 1873 og var i mange år ein hard konkurrent til McCormick-firmaet som har røter attende til den første slåmaskinen som Cyrus Hall McCormick demonstrerte i 1831 og patenterte i 1834. I 1902 gjekk McCormick og Deering saman under namnet International Harvester Co. (IH), Chicago, Illinois. Det nye firmaet heldt likevel fram med to separate salskjelder og marknadsførte difor i lang tid produktrekker under dei gamle firmanamna McCormick og Deering.

«Jernhesten» traktor fra 1918

Førar: Jon O. Bore

Fotograf: K.K. Kleppe



Byggjeplanar

Styret ser det som avgjerande for eit framtidsretta arbeid å få høvelege lokal for museet. Til å førebu dette har ein sett ned eit utval der desse er med: Nils Njå, Tobias Skretting og Stein Sægrov. Førebels har ein ikkje kome så mykje lenger. Der er også vanskeleg å få eit handfast prosjekt før det er tatt avgjerd om tomt for eit slikt bygg. Ein reknar med at det vil vera bruk for eit bygg med omlag 2000 m² grunnflate til å begynna med.

Synfaringar

I samband med overtaing av Høyland bygdemuseum sine landbruksamlingar har ein vore på synfaring og sett på desse. Elles har ein vore på fleire synfaringar i samband med val av stad for eit museumsbygg. Dei tomtealternativa ein har sett på, er:

Ytre Lima i Gjesdal
Vagle i Sandnes

Øksnevad i Klepp
Kvia/Audamotland i Hå

Ein reknar med at endeleg vedtak i Rådet om plassering vil kunna gjerast før sommaren 1986.

Andre saker

Elles har det vore ein kontinuerleg debatt i Styret om arbeidsmål, marknadsføring, innsamlingsarbeid (kjøp – gaver?), økonomi, medlemsvervning, tilhøvet til bygdemusea m.m. Ein har også så vidt kome i gang med oppbygging av eit bibliotek for museet.

I alt dette sit ein att kor viktig det vil vera å få tilsett fagleg personell for i det heile å koma vidare. Ordførar i Rådet, Haldis Hognestad, har vore innkalla til alle styremøta, og har møtt på dei fleste. Stein Sægrov har vore nytta som konsulent. Han har møtt på dei fleste styremøta.

Representasjon og studieverksemnd

Seminar på Hadeland 5. og 6. mars, Severin B. Bollestad deltok.

Årsmøte i NKKM 12. – 15. september, Nils Njå deltok.



JÆRMUSEET, REKNESKAP FOR 1985

Tap og Vinning

Rogaland fylkeskommune	kr. 104.952,00
Tilskot frå kommunane	kr. 253.780,00
Tilskot frå andre	kr. 7.250,00
Renter 1985	kr. 4.206,00
	kr. 370.188,00

01 Løn	kr. 135.045,80
Arbeidsgivaravg.	kr. 20.653,00
11 Innkjøp samlingar	kr. 8.000,00
12 Innkjøp bibliotek	kr. 6.355,00
20 Kontorutg.	kr. 1.360,60
21 Brensel, lys og varme	kr. 3.489,12
22 Leie	kr. 24.00,00
23 Skyss, kost og transp.	kr. 26.863,00
24 Bilen	kr. 50.000,00
25 Vedlikeh. saml. utstyr	kr. 40.691,00
28 Fotoutgifter	kr. 2.343,05
29 Andre driftsutgifter	kr. 7.455,95
Overf. Høyl. Bygdem. underskot handv. 1984	kr. 18.737,94

Overskot	kr. 25.193,54
	kr. 370.188,00

Overskot 1985	25.193,54
overf. fond	7.250,00
Overf. 1986	17.943,00


Rekneskapen er ettersett
og funnen iorden av
revisor Jonas Nygård.

SLUTTORD

Styret for Jærmuseet vonar at ein gjennom arbeidet i året har lagt eit godt grunnlag for den vidare framdrifta av Jærmuseet. Men ein står ennå berre i startfasen. 1986 vil truleg koma til å visa meir att når det gjeld konkrete mål, t.d. tilsetting av personell, tomt- og byggесaka, finansiering m.m. Ein må seia seg vel tilfreds med den aukande interessa kulturvernarbeidet møter i bygd og by. Aktiviteten i bygdemusea har vore god. Av særskilde arbeidsoppgåver vil ein her peika på det

verdfulle arbeidet som er lagt ned i fleire kommunar i innsamling av foto og i registrering av gamle bygningar.

Ei utfordring ligg det ennå i å få registrert nyare ruinar etter verksemد og busetnad kring i bygdene. Det er framleis bruk for all den entusiasme og interesse som kan mobiliserast for ei målsetting som alle bør kunna einast om: Eit rikt bygdemiljø med trygg forankring i fortida og frimod for framtidia!



«Torger Grude bak plogen med
hestar som går i takt.»
Fotograf: Aadne Stangeland